

1996

5

## ÅRSMELDING FOR GRUPPENE

### Skigruppa

Skigruppa har 72 medlemmer.

Styret har hatt 3 styremøter dette året. Av saker kan nemnast: Bygging av garasje for løypemaskin, arrangering av lysløypecup, treningsopplegg for sesongen 1997, refusjon av utgifter til sommarski-skule, utbetaling av tippemidler og generell økonomiplanlegging.

Sesongen starta tragisk då ein av medlemmane, Stig Thunestvedt, som skulle vera med på julerennet i Odda, omkom i ei bilulukke. I julehelga var det difor ingen renn. Sesongstart vart utsett til 1. lysløyperenn 3. januar.

### LYSLØPA / KLUBBHUSET

I år har det ikkje vore utført storarbeid i løypetraseen eller i klubbhuset, berre mindre vedlikehald. Ein har endeleg fått eit tidsmessig skianlegg som ein må forvalta fornuftig. Løypemaskina har i alle år stått utandørs, men no er det sett opp grunnmur så no er det berre taket som manglar før garasjen er tett. Alt arbeidet er utført på dugnad.

### ØKONOMI

Inntektene våre kjem som alltid frå dugnadsarbeid, slik som bossplukking, loddsal m.m. Skiltreklame og tilskot frå hovudkassa er også kjærkomne midlar. Me fekk i år 15.000 kr frå kommunen til vedlikehald av lysløype og klubbhus. Det er utbetalt 97.000 kr. i sluttoppgjær frå Hordaland Fylke / kommunekassen i høve tildeling av tippemidler i 1992. Sum omløpsmidlar pr. 31.10.96. er 139.821,04 kr.

### RESULTAT

Her på Osterøy er det er det lysløypecupen som trekkjer flest deltakarar med totalt 63 startande fordelt på 4 renn. I Osterøymeisterskapen deltok 43 løparar. Det vart ikkje arrangert klubbmesisterskap i år. Av løparar som hadde ein god sesong også utanfor Osterøy kan nemnast Kristin Åsheim oog Torbjørn Småland. Dei to reiste til Hovudlandsrennet i Mo i Rana. Kristin fekk 83. plass i friteknikk og 87.plass i klassisk. Torbjørn fekk 103.plass i friteknikk og 90.plass i klassisk. Dette var svært bra i dette rennet som er Noregsmeisterskap for 14-og 15 åringane. Ser ein berre løparar frå Hordaland, hevdar dei seg høgt oppe på resultatlistene. Me må heller ikkje gløyma Johnny Trefall som går på skigymnas i Oppdal. Han har i fleire sesongar hevda seg svær godt i sine klassar. Johnny er no 19 år og ein av dei beste hordalendingane i sin klasse, og han har føresetnader for å nå langt. Av seniorar er det Johnny Mostrøm sin glimrande innsats i Vasaloppert som er høgdepunktet. Han var like bak dei som i 1997 får starta i elitegruppa, og det er bra blant 1000 deltakarar. Av veteranane var det Artur Brandsdal som gjorde det best. Han greidde merket i Birkebeinarrennet og var heilt i teten i sin klasse i veteran NM.

### SLUTTORD

Det er framleis heilt gratis for alle og ein kvar å benytta dei ferdigpreparate løypene på Rolland, både på dagtid og kveldstid, men vil det vera slik i framtida? Ja, det bør det. Om eit år er Osterøy-brua ferdig, og med veg direkte til Mjeldalen, er dette skianlegget også eit godt tilbod for alle "naboane" våre som vil gå på ski i eit familievennleg terreng utan å måtta reisa så langt. Det er positivt at kommunedån allereie har tatt dette anlegget inn som eit av sine anlegg, og dermed letta litt på dugnadsbøra til skigruppa.

5